



## KONGEBESØKET I TINGVOLL 2014

Av Helge Husby



Den 21. mai 2014 fekk Tingvoll kommune besøk av kong Harald V og dronning Sonja. Dette er ei stor historisk hending som det bør stå noko om i skriftene for ettertida. For det er ikkje enkelt å finne noko om dei kongelege besøka Tingvoll har hatt før. Og det er nok kongar som har vore her i meir eller mindre offentleg ærend, utan at vi kjenner historia.

Kong Håkon den gode var som kjent på Rastarkalv på Frei og slost med Eirikssønene i år 955. Frei vart ved kristninga ein sentral del av Tingvoll prestgjeld. Men det er kanskje å dra det langt å seie at det var det første kjente kongebesøket. Og det var i tilfelle ikkje eit særleg fredeleg besøk.

Men om ikkje Snorre fortel om noko kongebesøk i Tingvoll, er det svært truleg at nokon av dei gamle norske kongane har vore i Tingvoll i høg-middelalderen (ca. år 1000 - år 1300). Når dei segla nordover langs kysten, kunne dei reise gjennom Tingvoll for å unngå Hustadvika. Dei segla inn Langfjorden og drog skipa over den kavlagte vegen over Tiltereidet. Og dei gamle plassane Gyl, Kvalvåg og Aspa var den gongen sentrale stader å besøkje ut langs seglingsleia.

### TIDLEGARE KONGEBESØK

#### Kong Christian 5 – 28. juni 1685

Inne i Tingvollkyrkja, eller Nordmørsdomen - som dronning Sonja heilt korrekt uttrykte det - står det ein «stol» med eit monogram med «C 5» på. Ja, det ser ikkje ut som ein stol, men meir som ein arrest, men stolen var nok inni. Denne var laga i 1662, men påsett topp med monogram etter kongebesøket i 1685, da sjølvaste kong Christian den femte - eller «Kristian Kvint» kom på besøk. Han hadde tidlegare på reisa gjesta Surnadalen, der det vart opphengt kongeplater på garden Røv.